



Alver kommune v/Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: c1663218-e64a-4042-ae9f-
c9d7994b0ee5

Vår: 20/18321 - 20/78482

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

08.12.2020

Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 185/3 Isdal - Uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 185/3 Isdal datert 18. november.

Isdal er i kommunedelplan Knarvik-Alvresund med Alverstraumen 2019-2031 plassert i omsynssone H570 som gjeld bevaring av kulturmiljø. Omsynssona omfattar også området der landbruksvegen er planlagt. I føresegnene til planen står det at dei områda som har fått omsynssone for bevaring av kulturminne omfattar område med kulturminne- og miljø av særskilt verdi, og som skal ivaretakast for framtida.

Vidare står det i føresegnene at: *«Isdal er eitt av dei få klyngjetuna som ligg att i Hordalandsbygdene. Dei lange, låge lemstovene ligg i eitt tett tun. På innmarka og mellom innmark og utmark ligg steinflorar og langstrakte, høge steingardar. I omsynssona skal kulturminna, kulturmiljøet og kulturlandskapet sikrast og takast vare på. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminneverdiane. Det skal ikkje etablerast tiltak som kan øydelegge eller redusere kulturminneverdiane, eller som kan redusere kunnskaps-, opplevings- og formidlingsverdien knytt til kulturminnet, kulturmiljøet eller kulturlandskapet og miljøet omkring. Søknadar om tiltak skal dokumentere at omsynet til kulturminneverdiane er teken i vare.»*

Søknaden dokumenterer ikkje korleis vegen skal plasserast i terrenget og ikkje korleis omsynet til omsynssona og dei unike kulturlandskapsverdiane på Isdal vil verta ivare tatt. Ut frå søknaden kan me ikkje gje uttale til om tiltaket ivaretar omsynet til kulturminneverdiane i området, og me vil rå i frå at det vert gjeve løyve til tiltaket på bakgrunn av informasjonen som er lagt fram i søknaden. Me ber om å få saka til uttale på ny dersom det vert lagt fram meir dokumentasjon i saka.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG